

Spellemannen «Krullin» var østerdøl!

Av Helga Reidun Bergebakken Nesset

Ola Erikson Kveberg f. 1819 (Sunndalsboka f. 1816) frå Alvdal var ein av dei mange nord-østerdøler som reiste «utover fjordan». Han kom til Sunndalen i 1850 og hadde eit opphald i Meldalen bak seg. Trulig var det gruve drifta i Grøvudalen som lokka han denne vegen, da fleire nord-østerdøler hadde tek seg arbeid her.

Ola Erikson var spellmann. I Sunndalen er han nemnd som ein av dei elste spellemenn dei kjenner til. Han fekk utnamnet «Krullin» avdi han brukte å krulle ekstra på leikan han spela.

Ola var fødd i Osteret på Kveberg. Dette er eit rom på austsida av Glåma, like nordafor Eggset. Her er registrert bufaste mellom 1815 og 1850, men høgst sannsynleg budde det folk her før.

Foreldra hass Ola er Kari Olsdr. Kveberg f. 1789 og Erik Jørgenson Baugen f. 1790 i Trondheim. Kari skulle vera av fok som kom frå Sverige til hyttedrifta på Plassen, og som trulig budde i Osteret. Kari og Erik hadde sju barn, og fire av dessa vart rydningsmenn (kone) utmæ «Strandom», i skogteig unna Nyeggen. Broren hass Ola, Jørgen Erikson som bygde Øver Bellingmoen, var og spellmann. Om han fortel Alvdalsboka:

«Og var det gjestebod eller lag, var Jørgen fast felespelmann, han kunne spela som fuglen kvitra og kua rauter, eller han la fela på nakken og spela like godt, fortalde folk».

Kontakten med Sunndalen hadde nok Ola stifta før han slo seg ned her. Alt i 1845 gifta han seg med Dordi Andersdotter – dotter av Anders Olson som var husmann i Styggmarken i Grøvudalen. Ola og familien førte eit omflakkende liv dei første åra, før dei i 1860 slo seg ned på husmannsplassen Klavora. Om denne

plassen seier sunndølane:

«Ein meir avsides plass enn Klavora kan ein neppe tenkja seg, midt i ei stygg steinor, på «galne» sida av Grøvu, der dalen er på det trongaste.»

Her braut han opp ein ørliten jordlapp og sette seg opp «stu'u». I dokument frå 1865 har han ei ku og sett ei skeppe poteter. Ti år seinare er det ikkje avling nemd i dei heile tatt.

Sunndølan fortel litt om det rommet han budde på: «Støgu var reist attåt ein stor stein. Somme fortel at steinen fungerte som fjerde vegg, men det er lite truleg. Det var vel tre imellom, slik at det vart ei lite småtte mellom støgu og steinen.

Krullin måtte ha vore ein uforbederlig optimist, etter det som blir fortalt om han. Mellom anna skulle han ha sagt at han ville dyrka opp 18 mål der i Klavor'n! Kor stor overdrivelse det er, veit den som har vore i Klavor'n og sett korleis det ser ut. Men i heimbygda hans gjekk det ordet at han var komen til ein av dei likaste gardane i Sunndalen. Ein gong kom bror hans og ville sjå om han. Han hadde vel spurt seg for og fått greie på kvar «Krullin» budde. Men da han kom inni Ålmenning Søya og såg over elva korleis det var i Klavor'n, snudde han rett og slett att, blir det fortalt. Krullin skulla ha sagt at det var like god jord i Klavor'n som på Snøva, og jorda på Snøva er rekna for å vera av den beste i bygda.»

Ola Erikson og Dordi Andersdotter hadde i alt åtte barn. Karen f. 1847, Anders f. 1850 og Sigrid f. 1852, desse to siste flytta i 1875 til Alvdal, Elen f. 1854, Ole f. 1857 flytta til Søgne i 1889, Endre f. 1860, han vart skomaker, Marit f. 1861, og Anders f. 1864. Anders vart skreddar og budde på Myr'n i Grudala, der han døydde i 1901.



Om levesettet i Klavora fortel T. E. Jernstad i artikelen sin «Spellemannen Krullin»:

«Ellers var det nok sjeldan det kom folk borti Klavora, så trasig som det er å koma seg dit. Derfor blir det fortalt at ungan vart heilt «folkestygge», og når det hende det kom folk, sprang dei som skremte høner og gøynde seg i småttet mellom støgu og den store steinen. Men «Krullin» ville nok ikkje vera ved at det såpass fattig som det var. Ein gong dei hadde «framund» og skulle ha fram mat, kleiv Krullin opp på trevet og skulle ta ned smør. «Kvafor eitt av desse 7 smøra skal eg ta? » ropa han ned åt kjerringa. Det blir fortalt at ungene av og til var til Nisja og åt seg mette.»

Det blir og fortalt om far hass Ola, 'n Erik Jørgenson heime i Alvdal: «Av og til var han ute og ferdas. Og da var ikkje han den som gjorde seg liten. Ein gong han var i Oppdal og såg alle dei vide, gule kornåkrane som der var, let han på det, at såpass til åkrar hadde han heime i Vetl-Elvdalen, han!»

Ein ser vel her ein likskap mellom far og son.

Om korleis Ola Erikson, «Krullin», som han vart kalla, var til å spela veit dei best i Sunndalen. T.E.Jenstad karakteriserer her spellmannen og miljøet omkring han:

«Krullin var som nemnt spelman, og han var nok nytta til å spela til dans. Korleis han var til å spela, kan vi ikkje vita så mykje om, men han kom nok i skuggen av storspelmannen Gottfred von Eppingen, som levde om lag på same tida. Men at det var dans i Klavor'n fortel i alle fall tradisjonen om. Det var dårleg med forsamlingshus den tida, og spelemannen måtte ofte syta for både lokale og musikk. Trongt måtte det vel også bli i den vesle støgu, men dansen gjekk nok lystig for det. Det gjekk visst så svetten rann, for det blir fortalt at kua, som sto nede i kjellaren, sleikte opp gjennom sprekkene mellom golvborda etter salt. Men det skulle ho ikkje ha gjort, for dansarane trampa på kuttunga så ho fekk seg skade for livet.»

Det er truleg at Krullin hadde med seg slåttar frå Østerdalen til Sunndalen. Ein skulle såleis kunne finna ein del felles slåttstoff. Men dette er ikkje skikkeleg undersøkt, og det er ein føresetnad at det var einkvan som førte vidare den slåttetradisjonen som Krullin måtte sitja inne med. Og om det finst fellesstoff, kan det likså vel skriva seg frå Gottfred, som for mykje rundt og reiste. I Sven Nyhus si bok «Pols i Rørostraktom» er det såleis opptegna ein pols som Gottfred skulle ha lært frå seg til ein spelmann på Røros.

Til slåttetypar som Krullin spela, må vi heilt sikkert rekna pols og springar, som hadde si glanstid ved midten av førre hundreåret. Bruremarsj spela han sikkert, og kanskje også halling. Og han snappa sikkert også opp av dei nyare dansane som var på full fart inn den tida, som vals, reinlender, polka med støyt, pariser og hoppvals.»

Ola blir tidlegare nemnd som gruvarbeider og liknande. I seinare tid dreiv han som skreddar. Han døydde som legdslem på Tøfte, Flatvad i Sunndalen i 1881, 65 år gamal.

Kona Dordi levde til 1913, og vart 87 år gamal. Ho var da på Gjørnanmoen i Sunndalen.

Litteratur:

E. Steimoeggen: Alvdal bygdebok II, bind I og II.
Leikvin – årsskrift for Sunndal museumslag 1977:
Tor Erik Jenstad: Spelmannen «Krullin».

Kjelder:

Erling Torske, Sunndalsøra.